



VESTLANDSUTSTILLINGEN

Vestlandsutstillingen

ÅRSMØTE 2017

Laurdag 22. April 2017 kl 10.00

Stad:
prosjektrommet hjå BEK (Bergen senter for Elektronisk Kunst), Bergen.

Tidsplan:
10:00 Kaffi/te
10:30 Møtestart
Pause undervegs med lunsj
17:00 Møteslutt

DAGSORDEN

1. KONSTITUERING
 - 1.2 Val av ordstyrar
 - 1.3 Val av referantar
 - 1.4 Val av to til å underskrive protokollen.
 - 1.5 Namneopprop med oppdatering av kontaktlister
 - 1.6 Godkjenning av møteinkalling
 - 1.7 Godkjenning av dagsorden
2. RAPPORTAR OG REKNESKAP
 - 2.1 Årsmelding frå AU v/fung. styreleiar Terese Longva
 - 2.2 Rapport frå AU 100-årsgruppa v/Maya Økland
 - 2.3 Oppdatering m/turnéplan og besøkstal for VU17
 - 2.4 Rekneskap for 2016 v/utstillingsleiar (UL) Anneli Belsvik Aras
 - 2.5 Revidert budsjett 2017 v/UL Anneli Belsvik Aras
 - 2.6 Budsjettforslag 2018 v/UL Anneli Belsvik Aras
 - 2.7 VU18– prosjektbudsjett
3. SAKER TIL DISKUSJON
 - 3.1 Økonomiske utfordringar
 - 3.2 Løns- og arbeidsvilkår for UL
 - 3.3 Handlingsplan og vidare arbeidsfordeling i AU/Styret
 - 3.4 Strategiar for eit komande 100-årsjubileum i 2022
4. VAL

I styret frå årsmøte 2016:

Styreleiar: Joakim Lund, Haugesund kunstforening

Nestleiar: Terese Longva, Biletkunstnarane i Møre og Romsdal (BKMR)

I oktober 2016 trekte Joakim Lund seg som styreleiar og Terese Longva vart fungerande styreleiar.

Maya Økland, Kunsthall Stavanger

Dillian Marsh, Bildende Kunstneres Forening Hordaland (BKFH)

Merete Hol Tefre, Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane (BKSF)

Atle Atterås, Sunnfjord Kunstlag

Benedikte Holen, Kunstmuseet KUBE

Heidi Jaeger, Kunsthuset Kabuso. (Heidi Jaeger slutta i stillinga si ved Kunsthuset Kabuso i mars 2017. Espen Johansen er vikar til ny leiar er på plass)

Sandra Vaka Olsen, Bildende kunstneres forening Rogaland (BKFR)

I arbeidsutvalet (AU):

(Joakim Lund)

Terese Longva

Dillan Marsh

I arbeidsutvalet for 100-årsjubileumet:

Maya Økland

Sandra Vaka Olsen

Heidi Jaeger

Tilsett 30%:

Udstillingsleiar (UL) Anneli Belsvik Aras

2. RAPPORTAR OG REKNESKAP

2.1 Årsmelding frå AU v/fung. styreleiar Terese Longva

Denne årsmeldinga vil bere preg av at Vestlandsutstillingen sin organisasjonsstruktur ikkje fungerer, og at det no blir sett på ei mogeleg endring av denne. Størstedelen av jobben til AU og UL har vore å rydde opp, få oversikt og kunnskap om korleis VU fungerer, noko som har vore ei svært tidkrevjande oppgåve som endå ikkje er over.

AKTIVITET

Det har vore eit ekstraordinært styremøte og eit styremøte. I styret har det vore handsama totalt elleve saker. Arbeidsutvalet har møtt fire gongar, tre møter og ein dag med sortering og rydding av lageret. Arbeidsutvalet har handsama tjuetre saker, men nokre av sakene går igjen. Utstillingsleiar og fungerande styreleiar har møttest tre gongar. I tillegg har arbeidsutvalet og utstillingsleiar hatt kontinuerleg kontakt via e-post og telefon. Dei viktigaste sakene har vore å rydde; rekneskapet, og styre- og organisasjonsrutiner.

VERKSEMDA

I forhold til handlingsplanen er følgjande gjort:

- VU17 turnerer. VU17 vart redda av ein dugnadsinnsats frå BKMR, Haugesund Kunstforeining, Kunsthall Stavanger og BKSF. Dette pga. uoversiktleg økonomi, samt både uvisse og usemje kring tilsetjing av kunstnarisk leiing for VU17. Juryering var såleis òg ein måte å dekkje inn underskotet til VU.
- Lokal forankring ved visningsstadane har vorte løyst ved at jurymedlem Terese Longva heldt opningstale for VU17 i Kunsthuset Kabuso og Kunstmuseet KUBE. Dei andre jurymedlemmane vil gjere det same i Sogn og Fjordane og Rogaland. UL vil i tillegg vere til stades ved opninga i Haugesund Billedgalleri.
- UL oppdaterer Facebook etter som tida strekk til. Dillan Marsh i AU har oppdatert websida så godt det let seg gjere, men denne er utdatert og tungrodd.
- Kontrakt med kunstnarisk leiar/kurator for VU18 Randi Grov Berger er signert. VU18 blir 6 separatutstillingar. Valet av kunstnarar er klart.
- Utarbeide ny kontrakt mellom VU og visningsstadane: Dette har det ikkje vorte gjort noko med. Dels på grunn av tid, og dels grunna signal frå ein skilde visningsstadar at dei ikkje vil knyte seg til VU i ei langstidskontrakt.
- Auke tilskot: Dillan Marsh i AU har laga ei liste over alternative tilskotskjelder, andre enn dei vi søker hjå fylkeskommunane. Det vart sett ned eit eige arbeidsutval til å jobbe med 100-årsjubileum, og denne gruppa vedtok styret skulle òg gi UL søknadshjelp. Vurderinga til gruppa er at ein strategi må på plass før ein set i gang med søknader. Eit mål er å söke arrangørstøtte i Kulturrådet for dei neste tre åra den 2. juni. Men dei har også diskutert at VU må tilpasse seg den eksisterande økonomien og korleis dette kan gjerast. Dei har undersøkt moglegheitene for momskompensasjon og sett på kva ordningar som er relevante.

- For 2018 er det kurator/kunstnarisk leiing Randi Grov Berger som har ansvar for ekstra søknader, og ho jobbar med dette gjennom å hjelpe kunstnarane til å söke prosjektstøtte sjølve.
- I Sogn og Fjordane hadde VU ei stor og tidkrevjande sak rundt visningsstad. Det kom fram at i 2012 - etter klager frå kuratorer om visningsstaden på Førdehuset - gjekk dåverande styreleiar og/eller koordinator i VU på tvers av vedtekten til VU, sette Sunnfjord Kunstlag til side og gjekk rett til Sogn og Fjordane Kunstmuseum og inngjekk ein munnleg avtale om å vise VU der. Denne munnlege avtalen fungerte heilt til det kom ny direktør for Sogn og Fjordane Kunstmuseum, og difor har VU fått bruke museet som visningsstad heilt fram til og med 2016. UL, styre- og nestleiar hadde ingen kjennskap om dette. VU er no flytta tilbake til Førdehuset.
- AU pr. i dag fungerer med møteinkalling, sakliste, vedtak, protokoll og gjennomføring i etterkant.
- Samarbeidet mellom AU og UL er svært godt.
- Saman med UL og rekneskapsførar har ein følgt opp årsmøtevedtaket om å få fram eit spesifisert rekneskap. Dette viste seg å bli svært tidkrevjande i etterkant, då det kom fram at det har mangla bilag for ei rad utgifter, mange av dei har enda i purre- og/eller inkassosaker som kostar dyrt for ein organisasjon med små midlar.
- Det er også arbeidd med kontraktar, arbeidsavtalar og instruksar, men akutt oppryddingsarbeid har teke så mykje av tida at dette arbeidet ikkje er fullført enno.
- Pålagt yrkesskadeforsikring er teikna og bankkort til UL er bestilt.

ØKONOMI

Økonomien er særskilt pressa i VU. VU var for nokre år tilbake nær konkurs. I 2014 gjekk VU med eit lite underskot. Rekneskapet for 2015 gjekk kr. 62 000 i underskot, og rekneskapet for 2016 gir eit resultat på kr. 66 589 i underskot.

UL har vore i møte med Hordaland Fylkeskommune i forkant av deira søknadsfrist om driftsstøtte. Møtet var svært positivt, og utan at noko lovnad er gjeven, vart VU oppmoda om å søkje om kroner 200 000 for 2018 (mot 150 000 som VU mottekk i 2017). I samband med at VU sin UL er vertskap for den årlege netverkssamlinga til landsdelsutstillingane (LU), håpar UL å få til eit tilsvarande møte med Rogaland Fylkeskommune 8.mai.

LAGER

AU har ordna med plombering av TV-skjermar for å unngå TV-lisens. AU og UL hadde ein heil dag 22. februar med å rydde lageret, og ein dag med kasting av søppel. Det er blitt sendt tilbake fleire kunstverk frå utstillingar langt tilbake i tid som berre har stått lagra utan noko form for forsikring. VU har endå ei sak om eit kunstverk der delar av det har forsvunne. VU har ikkje forsikring for lagring av kunstverk, for det skal i prinsippet ikkje lagrast kunstverk på lageret. Det har vore og er uklare avtalar med Reiber Eiendom om lageret. Lageret vart ordna av forrige koordinator for VU og er delt med Lydgalleriet som ho òg var kunstnarisk leiar for. Eignelutane til VU og Lydgalleriet har vore blanda, men AU har no sortert og ordna det som vi meiner er VU sitt. Det er ikkje signert kontrakt av leige, og VU har endå ikkje motteke krav om husleige. VU bør kanskje på sikt vurdere om lageret bør flyttast. AU har vore i kontakt med VISP om lagerplass, men det var på dåverande tidspunkt ganske fullt i lageret som VISP disponerer.

OPPSUMMERING om organisasjonsforma.

VU er organisert med eit årsmøte der representantar frå organisasjonane møtest. Denne forsamlinga blir kalla styret i vedtekten, men er i røynda eit representantskap der delegatane står ansvarleg overfor organisasjonane sine. På årsmøtet (som i vedtekten også blir kalla styremøte), blir det valt eit AU som gjennom arbeidsåret skal leie drifta av VU. I prinsippet er dette greitt nok, men sidan AU er valt blant dei frammøtte på årsmøtet, så har dei først og fremst forventningar om at dei er representantar for organisasjonen sin og kanskje ser for seg berre eitt møte i året. Rolla til det eigentlege styret (eller representantskapet) er noko diffus.

I VU vert det operert med i alle fall tre ulike forståingar for kva rolla til dette organet er:

1. Kunstmuseet KUBE, Kunsthall Stavanger og Kunsthuset Kabuso har ein av dei tilsette til å vere representant.
2. Haugesund Kunstforeining og Sunnfjord Kunstlag.
3. Kunstnarorganisasjonane: her var det ingen klare mandat som låg føre.

Det har vore ynskje om at kunstnarorganisasjonane kjem meir på bana. Representanten til BKMR Terese Longva vende seg til BKMR om dette, og dei tok det vidare til dei andre kunstnarorganisasjonane som svarte med eit brev frå leiarane i desse organisasjonane til styret i VU. Dette brevet frå leiarane i kunstnarorganisasjonane gir eit tydeleg mandat til representantane sine, men det viser lite forståing om ansvaret som ligg føre i det å vere ein medlemsorganisasjon i VU og krisa som framleis rår i VU. (Sjå vedlagte brev).

Ordninga med representantskap (representantane frå organisasjonane) og eit AU fungerer ikkje slik ho blir praktisert no. Øvste mynde i VU kan framleis vere eit representantskap som møtest til årsmøte der det blir valt eit styre. Eit representantskap kan også møtast fleire enn ein gong om ein finn det tenleg. Representantskap er ikkje uvanleg i organisasjonslivet, men då er representantskap og styre skilde åt og ikkje gjort til eitt og det same organ som i VU. VU treng eit lite, men samkøyrt og godt arbeidande styre, som er vald på årsmøtet etter forslag frå ein eigen valkomité som ikkje berre leitar etter nokon som kan

«fylle ein plass», men ser etter dei rette folka til å sitte i styret i VU. Dette styret skal stå til ansvar overfor årsmøtet og ikkje overfor dei einskilde organisasjonane. Det er avgjerande viktig for ei profesjonalisering av VU at styremedlemmer er innstilte på å bidra med sin innsats for å endre både struktur og kultur i styring og drift av VU.

OPPSUMMERING om punkt som det vidare bør takast stilling til.

- Det formelle i organisasjonen fungerer ikkje, og dette hemmar verksemda. Om ein vil halde på ordninga med representantskap, må vedtekten tilpassast til normal praksis for organisasjonar med representantskap. Dette kan ein lære om med å sjå på vedtekten til andre liknande organisasjonar som er organiserte slik, t.d. stiftelsen Sørlandsutstillingen.
- Den interne kommunikasjonen fungerer ikkje. Ein får ikkje svar på e-postar osb.
- Det manglar arbeidsinstruks for kunstnarisk leiar/kurator og UL.
- Det manglar kontraktar med visningstader. Skal VU ha langtidskontrakt med visningsstadar, må VU fungere som ein profesjonell organisasjon.
- Auke stillingsstorleiken til UL, innføre pensjonsordning og årleg lønsregulering i tråd med konsumprisindeksen.
- Bør VU bli vist annakvart år? Økonomien, slik han er i dag, tilseier dette. Evt. at den ikkje vert vist ved alle 5 visningsstadene kvart år?
- Korleis skal kunstnarane finne VU aktuell?
- Økonomien må betrast.
- Jury versus kurator bør evaluerast.

Representant for BKMR i Vestlandsutstillingen
Terese Longva
Ekrebakken 7
5036 Bergen

19. September 2016

Til styret i BKMR ved leiar Karin Augusta Nogva.

Om stoda i Vestlandsutstillingen

Vestlandsutstillingen vart skipa i 1922, og er med sine 94 år den eldste landsdelsutstillinga i Noreg.

Føremålet med Vestlandsutstillingen (VU):

§ 2 Formål

Vestlandsutstillingens formål er å arrangere en årlig utstilling med verk av kunstnere som har en tilknytting til Vestlandet. Utstillingen skal vises i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Det er et mål at den årlige utstillingen skal vise aktuell samtidskunst av høy kvalitet.

Kunstnere som er født i, er eller har vært fast bosatt i landsdelen skal ha rett til å sende inn arbeider for vurdering om deltagelse. Utstillingen skal fortrinnsvis vises i de samarbeidende institusjoners lokaler.

VU er pr. 2016 eit samarbeid mellom:

institusjonane Stavanger Kunsthall, Haugesund Kunstforening, Kunsthuset Kabuso, Sunnfjord Kunstlag, Kunstmuseet KUBE

billedkunstorganisasjonane i Rogaland (BKFR), Hordaland (BKFH), Sogn og Fjordane (BKSF) og Møre og Romsdal (BKMR).

Organisasjon:

I styret sit det 9 representantar, ein frå kvar av institusjonane og billedkunstorganisasjonane. VU har ein praksis med at styret er sett saman som eit representantskap. Årsmøte og styremøte blir halde samtidig, det vil seie at det berre er eitt styremøte i året. Eit arbeidsutval som består av styreleiar, nestleiar + eitt medlem skal møtast regelmessig. Dette skjedde av ulike grunnar ikkje i fjar.

Organisasjonen er ei foreining der både biledkunstorganisasjonar og visningsstader er medlemmar på lik line. I dag er medlemsorganisasjonane involverte ein gong i året til styre-/årsmøtet. Det er ytra ønske om at medlemsorganisasjonane blir meir involverte.

Utstillingsleiar er tilsett i 30% stilling.
Kunstnarisk leiing/kurator er vald frå år til år. VU er den einaste landsdelsutstillinga som har kurator.

Økonomi:

Økonomien er særskilt pressa i VU. VU var for nokre år tilbake nær konkurs. VU gjekk òg med underskot i 2015, og dette er grunnen til at Stavanger Kunsthall, BKMR,

BKSF og Haugesund Billedgalleri gjorde ein dugnad for å få utstillinga i hamn for 2017. VU er den som betaler minst i vederlag til kunstnarane som er med i utstillinga av alle landsdelsutstillingane, og er langt under NBK sine satsar. Utstillingsleiar er berre tilsett i 30% stilling, og dette dekkjer langt ifrå det reelle arbeidet, noko som gjer det vanskeleg å halde på gode tilsette, noko som òg gjer det vanskeleg med kontinuitet. Styrehonorar er låge. Styremøte og årsmøte er det same møtet, grunnen er økonomi. Når styret møter berre ein gong i året, er det svært avgrensa kva ein rekk av handsaming og diskusjon.

Den stramme økonomien gjer det òg vanskeleg å klare målsettinga til VU, nemleg å synne samtidskunst av høg kvalitet. Skal utstillinga spegle ei samtidskunstverkelegheit, må det vere rom for verk innan alle biletkunstgenrar/-teknikkar. I tillegg har utgiftene auka til transport og utstyr.

Konklusjon:

Det er misnøye og mangel på engasjement og interesse både frå representantar i styret til VU, medlemsorganisasjonar, visningsinstitusjonar og kunstnarar, og sidan det er desse som er grunnlaget for at VU eksisterer, er det naudsynt med ei evaluering rundt kvifor VU eksisterer.

Spørsmålet blir difor om det fortsatt er felles interesser eller formål som medlemmane av foreininga ser som naudsynt å fremje, eller er eksistensgrunnlaget til foreininga borte? Om svaret er positivt til at ein fortsatt treng foreininga, bør medlemane gå saman og evaluere foreininga snarast råd.

Spørsmåla som kvar einskild av medlemsorganisasjonane bør diskutere er:

1. Skal vi fortsette med VU?
2. Kva er grunnane for og mot vidareføring av VU?
3. Korleis kan ein gjere VU til ein velfungerande og stabil organisasjon?

Det er viktig å få svar på dette snarast råd dersom ein skal leggje ned det nødvendige arbeidet som trengst for å snu situasjonen og fortsatt ta vare på Vestlandsutstillingen som snart nærmar seg 100 år.

Dersom VU skal fortsette må nødvendige tiltak setjast i gong:

Eigarane, **institusjonane** Stavanger Kunsthall, Haugesund Kunstforening, Kunsthuset Kabuso, Sunnfjord Kunstlag, Kunstmuseet KUBE og **billedkunstorganisasjonane** i Rogaland (BKFR), Hordaland (BKFH), Sogn og Fjordane (BKSF) og Møre og Romsdal (BKMR), må komme på bana å sjå på kvifor ingen kjenner eigarskap til foreininga, og har difor i ein pressa kvardag ikkje tid til å ta nødvendig tak i alle utfordringane som VU har, og økonomien er for dårleg til å betale nokon for det arbeidet som trengst. Vidare bør ein sjå på organisasjonsforma: Det formelle med representantskap som samstundes skal vere styre fungerer ikkje pr. i dag. Difor blir problema liggande eller skuva fram i ubestemt tid. Ville det t.d. ha vore betre at styret hadde færre styremedlemmar og som blir foreslårte til årsmøtet av ei valnemnd? I tillegg bør ein vurdere å auke UL si stilling. I dag er det ingen som kan ”kaste” representantar som ikkje gjer arbeidet dei har teke på seg i og med tillitsvervet. Det er lett for at folk blir sitjande i posisjonar for å ”fylle ut” posisjonen. Handlingsplanar vert vedtekne, men ikkje sette i kraft. Dette har ikkje noko med einskildpersonar å gjere, men heller med organisasjonsforma. Det kostar mykje for ni personar å reise for å delta på styremøte.

Landsdelsutstillingane er alle organiserte på ulike måtar. Ein kan òg sjå på om nokon av dei har ein måte å organisere drifta på som fungerer betre enn det VU gjer.

Slik dagens situasjon er for VU ligg kjerneproblema innanfor det organisatoriske. Dette er mogleg å gjere noko med dersom dei samarbeidande organisasjonane bestemmer seg for det. Forslag er at fokuset i første omgang blir retta mot følgjande punkt som bør drøftast og handsamast:

- Organisasjonsform
- Auke stillinga, innføre pensjonsordning og årleg lønnsauke til UL. Denne bør vere minst 50%, men helst 70%.
- Bør VU bli vist annakvart år? Økonomien, slik han er i dag, tilseier dette.
- Kvar bør utstillinga synast?
- Korleis skal kunstnarane finne VU aktuell?
- Økonomien må betrast. Korleis kan dette gjerast?

Brev til styret i VU frå leiarane i kunstnarorganisasjonane i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal

Til styret i Vestlandsutstillingen.

På grunnlag av VU sin kritiske situasjon blei styreleiarane i BKMR, BKFH, BKSF og BKFR kontakta av fungerande styreleiar i VU, Terese Longva, med spørsmål om å ta stilling til følgjande spørsmål:

1. Skal me fortsetja med VU?
2. Kva er grunnane for og mot vidareføring av VU?
3. Korleis kan ein gjere VU til ein velfungerande og stabil organisasjon?

Etter å ha drøfta problemstillingane over i eit møte 8. november har me følgjande kommentarar til styret i VU:

Me er i ei tid der stadig fleire utstillingsarenaar lukkar for open innsending, dette gjer at enkeltkunstnarenas eigne moglegheiter for å fremme si stemme i kunstfeltet er redusert. Derfor er VU som organisasjon og utstilling viktigare enn nokon gong før kunstnaren. Samstundes ser me at VU ikkje kan halda fram i nåverande form. Det må endringar til.

- VU må bli meir attraktiv for alle involverte: kunstnarane, utstillingsinstitusjonane, kuratoren og utstillingsleiaren.
- Arbeidsforholda til utstillingsleiari må betrast, stillinga bør aukast. Det må utviklast nye rutinar og stillingsinstruksar for utstillingsleiari, desse må og sikre kontinuitet ved overlevering av stillinga frå ein utstillingsleiari til ein annan.
- Kontakten med alle involverte kommunar og fylkeskommunar må styrkast for å sikre det økonomiske grunnlaget i VU. Det bør utviklast eigne rutinar for dette arbeidet. Ein må og vurdere nye finansieringsmoglegheiter.
- Styret i VU må ta grep for å styrke kommunikasjonen innad i styret og sikre kontinuitet i arbeidet.
- Arkivet må strukturera og dokumenter som har forsvunne mellom skiftande styrer må innhentast. Ein må sikre at VU har et digital arkiveringssystem som er stabilt og som sikrar infomasjonstilgang for skiftande styrer.

Forslag:

VU engasjerer nokon til å gjennomføre ei evaluering av organisasjonen med forslag til organisatorisk og evt strukturell endring. Det bør undersøkast om det er mogleg å søke om friske midlar for å gjennomføre oppdraget.

I evalueringa bør ein se på alle partar sitt eigarskap til VU, korleis kan dette betrast, og kva er visjonane for framtida? Korleis kan ein aktualisere VU for kunstnarane og publikum?

Vedtektsendringar bør vera eit naturleg utfall av evalueringa, slik at vedtekten reflekterer realiteten og nedfeller ønska strukturelle endringar i VU.

Hilsen

Karin Augusta Nogva, styreleiar i BKMR,

Vilde Salhus Røed, styreleiar i BKFH,

Aud Marit Skarrebo Holmen, styreleiar i BKSF og

Ingeborg Kvame, styreleiar i BKFR

2.2 Rapport frå AU 100-årsgruppa v/Maya Økland

Saksframlegg frå AU 100-årsgruppa vil bli lagt fram på årsmøte.



VU17 i Kunsthuset Kabuso.

2.3 Oppdatering m/turnéplan og besøkstal for VU17

Rapport VU16 og 2017 så langt...

VU16 «LOKALE FORHANDLINGAR» og VU17 «Hvor har vi vært?»

Tidsrom	Visningsstad	Besøkstal 2016	Besøkstal 2017
23.01-21.02	Kunsthuset KABUSO, Øystese	808	232
05.03 – 03.04	SFKM, Førde	413	
29.04 - 22.05	Kunstmuseet KUBE, Ålesund	1387	561
10.06 – 10.07	Kunsthall Stavanger, Stavanger	583	
	Haugesund Billedgalleri, Haugesund	-	
23.01-20.07	SAMLA	3191	793



VU17 i Kunsthuset Kabuso.

Resultatregnskap - spesifikasjon	
Vestlandsutstillingen	
2016	
Tilskudd	
3400 Driftstilskudd Møre og Romsdal	-130 000
3401 Driftstilskudd Rogaland Fylkeskommune	-132 000
3402 Driftstilskudd Sogn og Fjordane	-100 000
3403 Driftstilskudd Hordaland	-150 000
	<u>-512 000</u>
Annен driftsinntekt	
3900 Andel salg kunstner	-1 348
	<u>-1 348</u>
Kunstnere	
4511 Honorar KL (2stk)	80 000
4512 Honorar kunstnere	54 910
4513 Kunstnerh avsatt 2014	-5 000
	<u>129 910</u>
Lønnskostnad	
5000 Lønn til ansatte	151 269
5001 Påløpt lønn	-15 140
5003 Lønn avsatt 2016 utb 2017	18 807
5010 Feriepenger	18 152
5390 Internett og tlf, utstillingsleder(450,-)	5 400
5400 Arbeidsgiveravgift	22 091
5410 Arbeidsgiveravgift av feriepenger	2 559
	<u>203 138</u>
Avskrivning av driftsmidler og immaterielle eiendeler	
6020 Avskrivning hjemmeside	18 828
	<u>18 828</u>
Frakt	
4060 Frakt	62 267
	<u>62 267</u>
Annen driftskostnad	
6300 Leie for kontor	2 000
6551 Programvare	2 086
6700 Revisor	8 250
6701 Revisor 2015	5 875
6705 Bokføringshonorar	25 725
6710 Regnskapsfører	17 281
6800 Kontorrekkvisita	2 081
6940 Porto	166
7140 Reisekostnader ikke oppgavepliktige	7 956

Resultatregnskap - spesifikasjon

Vestlandsutstillingen

	2016
7141 Reise KL	6 670
7142 Styret reise og overnatting	12 677
7143 Reise & opphold landsdelsnettverk møte	3 367
7144 Reise & dvs. kostn ustilmont kun første	16 322
7320 Dokumentasjon & markedsføring	11 000
7400 Bidrag andre utstillinger	15 000
7500 Forsikringspremier	4 559
7600 Nrk lisens	1 611
7710 Styre- og bedriftsforsamlingsmøter	1 370
7770 Bank- og kortgebyrer	293
7790 Andre kostnader	9 170
7798 Purregebyrer	5 325
7799 Gamle poster	6 529
	<u>165 313</u>

Annен renteinntekt

8050 Andre renteinntekter	-184
	<u>-184</u>

Annen rentekostnad

8155 Renter leverandør	664
	<u>664</u>

Overført fra annen egenkapital

8961 Overføringer fra annen egenkapital	-66 589
	<u>-66 589</u>

Balanse - spesifikasjon

Vestlandsutstillingen

2016

Hjemmeside

1041	Lisenser erv./hjemmeside	94 110
		94 110

Andre kortsiktige fordringer

1740	Periodisering kostnader	40 000
1741	Forskudd lønn	1 139
		41 139

Bankinnskudd, kontanter o.l.

1930	Bank 9521.07.75677	112 441
1950	Bankinnskudd for skattetrekk	10 519
		122 960

Annен egenkapital

2050	Annен egenkapital	-210 067
		-210 067

Leverandørgjeld

2400	Samlekonto kreditor	-315
		-315

Skyldig offentlige avgifter

2600	Forskuddstrekk	-5 736
2770	Skyldig arbeidsgiveravgift	-3 384
2771	Skyldig arb.avg. av feriepenger	-2 335
		-11 456

Annен kortsiktig gjeld

2930	Lønn	-18 807
2940	Skyldig feriepenger	-16 561
2990	Gjeld Mei Silja Szetu	-1 003
		-36 371

VU revidert budsjettforslag 2017

Driftsinntekter (etter søknad)		Sum
1	Møre og Romsdal Fylkeskommune (3-årig driftsstønad)	*130 000
2	Sogn og Fjordane Fylkeskommune (søkn.frist 1.mars)	120 000
3	Hordaland Fylkeskommune (søkn.frist 1.april)	**150 000
4	Rogaland Fylkeskommune (søkn.frist 1.juni)	**135 000
Sum driftsinntekter		535 000

*Tildelt **Motteke

Estimerte driftskostnader		Sum
6	Frakt, toll og spedisjon	64 000
7	Honorar KL (30 000 utbet. i 2016, neste 30 000 utbet. i 2018)	0
8	Vederlag kunstnarar (3000 x 17)	51 000
9	Formidling	0
10	Transportforsikring	5 000
11	Marknadsføring (FB, web, utlysing, utstillingsinfo og plakatar)	20 000
12	Reise KL (5 000 i 2017 + 5000 i 2018) og VU18 kunstnarar (12 000 i 2017 + 12 000 i 2018)	17 000
13	Kontorrekvisita UL	2 500
14*	Løn UL inkl. feriepengar (auke frå 30% – 35% stilling + 10,2 % feriepengar, samt 3% lønsauke)	174 042
15	Arbeidsgjevaravgift	28 000
16	Pensjonsordning UL (min. 2 % av 35% stilling f.o.m. 1 mai 2017 = 277 pr. mnd. x 8 mnd.)	2 216
17	Godtgjersle styreleiing (styreleiar 6 000 + nestleiar 4 000)	10 000
18	Arsmøte (leige av lokale, honorar ordstyrar, frukt og lunsj)	4 000
19	Styret, reise og overnatting i samb. m. årsmøte og strategisamling 22.-23.april	15 000
20	Rekneskapsførar	30 000
21	Revisor	10 000
22	Porto	500
23	Investeringsmidlar/sparing	0
24	Ekstern ekspertise (oppdatering av heimeside)	0
25	Uforutsette utgifter	5 000
26	Lagerleige	6 000
27	Internett/telefon UL (kr. 450 x 12 mnd)	5 400
28	Nettverksmøte LU (VU er vertskap i 2017)	4 000
29*	UL, reise, opphold + div. kostnader i samb. med utstillingsmontering og møter	8 000
30	UL Yrkesskadeforsikring (lovpålagd)	637
31	Komp. UL (for arb. kveld og helg, samt reisetid)	4 000
32	Strategisamling 23.april (leige av lokale, frukt og lunsj)	2 000
33	Til reduksjon av underskot i rekneskapen (forutsatt at tilskotet frå S&Fj aukar med kr. 20 000)	66 705
Sum driftskostnader		535 000

14*) Løn for UL i 30% stilling har vore kr. 138 000 + 10,2 % feriepengar sidan tilsetjinga i sept. 2015 = 152 076. Ved normal lønsauke på 3% vil denne gå opp til 142 140 + 10,2 % feriepengar = kr. 156 638. Arbeidsmengda i VU tilseier at det er naudsynt å auke opp stillinga til UL. Summen i pkt. 14) tek utgangspunkt i at UL si stilling vert auka frå 30 % til 35 % med verknad frå 1.mai 2017. Dette er ikkje tilstrekkeleg, men det er dette VU kan forsvere ut frå

budsjettsituasjonen pr.d.d. I 2017 vert det såleis 30% stilling i 4 mnd. + 35% stilling i 8 mnd. 10,2% feriepengar kjem i tillegg. 3% lønsauke f.o.m. 1.mai = kr. 174 042.

29*) UL, reise + div. kostnader i samband med utstillingsmontering og møter. Dette gjeld reise, opphold, parkering m.m. Det vil vere ønskjeleg å kunne følgje satsane i Statens Reiseregulativ (SR), noko som fram til no ikkje har vorte praktisert. T.d. har UL ved bruk av eigen bil fått kr. 2,50 pr. km. mot kr. 4,10 som er satsen i SR pr.d.d.

Budsjettforslag 2018

* Tildelt

	Omsøkte driftsinntekter	
1	Møre og Romsdal Fylkeskommune (ny søkn.fr.1.juni 2018)	*130 000
2	Sogn og Fjordane Fylkeskommune (søkn.fr.1.mars)(søkt om kr. 120.000)	120 000
3	Hordaland Fylkeskommune (søkn.fr.1.april) (søkt om kr. 200.000)	200 000
4	Rogaland Fylkeskommune (søkn.fr.1.juni) (vil søke om kr. 165.000)	165 000
	Sum Driftsinntekter	615 000

	Estimerte driftskostnader	
6	Frakt, toll og spedisjon (VU18 retur av 6 separatutstillingar)	90 000
7	Honorar kurator (kr. 30 000 utbetalt i 2016, resten i 2018)	30 000
8	Vederlag kunstnarar (10 000 x 6 stk)	60 000
9	Fermidling	0
10	Forsikring returtransport	6 000
11	Marknadsføring (FB, web, utlysing, utstillingsinfo & plakatar)	25 000
12	Reise KL (kr. 5 000) og VU18 kunstnarar (kr. 12 000)	17 000
13	Kontorrekvisita utstillingsleiar	2 750
14	Løn UL (=utst.leiar) + feriepengar (35% stilling t.o.m. 30.april, 40% stilling f.o.m. 1.mai + 3% generell lønsauke f.o.m. 1.mai)	200 150
15	Arbeidsgjevaravgift (v/ 40% stilling f.o.m. 1.mai)	32 000
16	Pensjonsordning UL (min. 2%)	4 000
17	Godtgjersle styreleiing (styreleiar 10 000, nestleiar 6 000, AU-rep. 3 000)	19 000
18	Årsmøte (leige av lokale, honorar ordstyrar, frukt og lunsj)	5 000
19*	Møtegodtgjersle v/styremøter (styremedl. kunstnarorg.)	6 000
20	Styret, reise og overnatting i samb. årsmøte	15 000
21	Rekneskapsførar	30 000
22	Revisor	10 000
23	Porto	500
24	Investeringsmidlar/sparing	20 000
25	Ekstern ekspertise (oppdatering webside)	6 000
26	Uforutsette utgifter	5 000
27	Lagerleige	6 000
28	Internett/telefon UL (450,- x 12 mnd), komp.for bruk av eigen PC (kr. 1 000)	6 400
29	UL reise+opphold, årleg nettverksmøte LU (=landsdelsutstillingane)	3 500
30	UL reise, opphold + div. kostnader i samband med utst.montering og møter	10 000
31	Yrkesskadeforsikring UL (lovpålagd)	700
32	Komp. UL (for arb. kveld, helg, samt reisetid)	5 000
	Sum Driftskostnader	615 000

19*) Det har ikkje tidlegare vore praktisert møtegodtgjersle i VU, då det heller ikkja har vorte halde jamnlege styremøter. Som eit ledd i ei profesjonalisering av VU er det ønskjeleg både med jamnlege styremøter (ca 3-4 stk i året) i tillegg til årsmøtet, og utbetaling av møtegodtgjersle. Styremedlemmer som repr. ein institusjon vil normalt få løn for å delta på styremøter. Styremedl. frå Haugesund Kunstforening og Sunnfjord Kunstlag er å rekne som frivillege. Styremedl. frå kunstnarorg. bør få møtehonorar for deltaking på styremøter, og dette må i så fall VU betale. Sett i lys av vår økonomiske situasjon vert det føreslått å byrje på ein lav sats på kr. 250 pr.t. i 2018. (Ein evt. auke av satsen kan vurderast i samband med årsmøtet i 2018.)

Info om VU18

VU18 vert 6 separatutstillingar ut frå følgjande:

- (H) Trudi Jaeger – Kunsthuset Kabuso – 14.april – 20.mai
- (R) Karen Skog – Haugesund Billedgalleri – 27.april – 27.mai
- (H) Blomgren & Skuladottir – Kunsthall Stavanger – 14.juni – 12.aug.
- (SF) Magnhild Øen Nordahl – Førdehuset – 1.-30.sept.
- (MR) Ragnhild Aamås – Kunstmuseet KUBE – 24. Aug – 7. Oct
- (R) Eivind Egeland – Entrée – 13.okt.-17.nov.

I følgje kontrakten VU har med kunstnarane, vil dei få kr. 10 000 i honorar/vederlag, og *inntil kr. 4 000* til dekking av reiseutgifter mot kvitteringer. Kunstnarane dekkar transport til visningsstaden, medan VU dekkar transport frå visningsstaden.

Vidare veit me:

Skuladottir & Blomgren:

Skuladottir fekk i 2016 2-årig arbeidsstipend frå Norsk Kulturråd + etableringsstipebd frå Bergen kommune.

Blomgren fekk i 2016 2-årig arbeidsstipend frå Norsk Kulturråd, prosjektstøtte både frå Bergen kommune og Norsk Kulturråd, samt Norske Kunstforeningers debutanpris på kr. 50 000.

